



RADØY KOMMUNE
Radøyvegen 1690
5936 MANGER

Dato: 19.04.2016

Vår ref.: 2016/4225-3

Saksbehandlar: snowaag

Dykkar ref.:

Att. Tonje Nepstad Epland

Fråsegn til varsel om oppstart av planarbeid med planprogram, Kommunedelplan for Bøvågen, Radøy kommune

Vi viser til brev datert 14.04.2016 om oppstart av arbeid med kommunedelplan for Bø med planprogram. Hovudføremålet med reguleringa er å legge til rette for vidare utvikling av Bø som tettstad. Føremålet er i hovudsak i samsvar med kommuneplan.

Hordaland fylkeskommune vurderer oppstartsmeldinga med planprogram ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

Vurdering og innspel

Relevante planfaglege innspel

Det er mange planar i Bøvågen-området, og eit av måla for planarbeidet er å oppdatere og samkøyre eksisterande planar for Bøvågen. Det er positivt at kommunen ønskjer å sjå på den samla arealbruken i området, og utarbeide ein heilskapleg plan som i best mogleg grad ivaretak dei samla interessene i og knytt til tettstaden.

Kommunen er ansvarleg for å legge til rette for ein demokratisk prosess og sikre mogelegheitene for medverknad. Det vert gjort greie for korleis kommunen tenker seg å gjere dette. Ungdomsrådet og gruppe som skal tale born og unge si sak vert teke med i planarbeidet. Dette er positivt. Å arrangere bygdemøter er òg ein god måte å gjere medverknadsprosessen tilgjengeleg for dei som måtte ønskje å kome med sine innspel.

Fylkeskommunen minner om at som arealretta kommunedelplan er det krav om KU, og KU skal tilpassast plannivået og vere relevant for dei avgjersler som skal takast (jf. KU forskrifter for planar § 7); "For kommuneplanens arealdel utredes kun de delene av planen som fastsetter rammer for fremtidig utbygging og som innebærer endringer i forhold til gjeldende plan.». Under «utgreiingsbehov» kjem det ikkje klart frem at kommunen vil gjennomføre konsekvensutgreiing.

Areal- og transport

I samsvar med dei statlege planretningslinene for samordna areal- og transportplanlegging, skal arealbruken vere av ein slik karakter at den mellom anna fremjar miljømessig gode løysingar, trygge lokalssamfunn og bustadmiljø, god trafikktryggleik og effektiv trafikkavvikling. Dette er alle moment som kommunen må ta med seg i den vidare planprosessen for kommunedelplan for Bø. Voluma av den transporten som vert generert gjennom forskjellege typer arealbruk i planområdet må likevel i eit regionalt

perspektiv reknast for relativt små. Utslepp av klimagassar frå transport er difor ikkje den viktigaste av faktorane for den samordna areal- og transportplanlegginga i området. Å planlegge heilskapleg for både bustad, næring, handel og andre tenestetilbod, med lokalisering som gjer at ein kan utnytte eksisterande infrastruktur, eller ha ein rasjonell utbygging av infrastruktur t.d. til sykkel og gange, vil styrke tettstaden. Med hensiktsmessig lokalisering og tilrettelagt infrastruktur kan fleire reiser i tettstaden, til dømes til butikk eller skule/barnehage, takast til fots eller på sykkel. Dette er positivt både i eit folkehelseperspektiv, trafikktryggleiksperspektiv og attraktiv tettstadperspektiv. Konsentrerte utbyggingsområde knytt til tettstaden Bø vil samtidig kunne utnytte kollektivtransporten i området betre, samt redusere nedbygging av grøne verdiar i randsona til tettstaden.

Senter- og tettstadsutvikling

Eit viktig mål med planarbeidet for Bø er eit uttalt ønske om å «revitalisere sentrumsområdet i Bøvågen». Regional plan for attraktive senter i Hordaland kan vere eit godt bidrag i arbeidet med kommunedelplanen, og dei overordna mål og delmål syner å vere i god overeinskomst med det kommunen ønskjer å få til i Bøvågen.

Overordna mål for attraktive sentrumsområde er at *sentera skal utformas slik at dei er attraktive å vere, bu og drive næring i*, og har følgjande delmål:

- Sentrum skal ha god balanse mellom handel, private og offentlege tenester, kulturtildel og bustader
- Sentrumsområdet skal vere tett utbygd innanfor ein gangbar kjerne
- Sentrumsutvikling skal bygge på stadens historie, særpreg og landskapstrekk
- Sentrum skal ha høg arkitektonisk kvalitet og inkluderande møteplassar
- Sentrum skal ha gode parkar, leikeplassar og allment tilgjengeleg areal for fysisk aktivitet

Bøvågen er allereie ein tettstad med gode kvalitetar. Bygda har eit aktivt organisasjonsliv, nytt idrettsanlegg med fleirbruksarena og skule med kapasitet til fleire elevar. Der er daglegvarebutikk, trelast og lokale næringar som gjev arbeidsplassar i området. Det er vår oppfatning at dette er eit godt utgangspunkt for å vidareutvikle ei attraktiv tettstad.

Fylkeskommunen er kjend med eit pågående planarbeidet i Austmarka lenger sør i Radøy kommune. Her legg ein opp til ein betydelig bustadutbygging, som ved realisering vil kunne tilgjengeleggjere bustader til mesteparten av den prognoserte befolkningsauken i kommunen dei neste 20 åra. Det er fylkeskommunen si oppfatning at ei stor bustadutbygging i sørlege delar av kommunen vil kunne utfordre mogelegheitene til å nå definerte mål for vidare utvikling av Bø som tettstad. Vi oppmodar kommunen til å sjå på den forventa demografiske utviklinga i kommunen som heilheit i den vidare planprosess for KDP for Bø og andre planprosessar i kommunen som gjensidig vil kunne påverke kvarandre.

Senterstruktur og handel

Regional plan for attraktive senter i Hordaland – senterstruktur, tenester og handel vil vere eit nyttig verktøy for den vidare planprosessen. Her vert både senter- og tettstadsutvikling, senterstruktur og handel omtalt, og planen inneholder retningslinjer og føresegn for den kommunale arealplanlegginga. Retningsline for arealbruk §2.3 lyder : «*Sentrumsutstrekning skal fastsetjast i kommune(del)plan eller reguleringsplan for sentrum*». Fylkeskommunen ber om at dette vert gjort som ein del av det vidare planarbeidet med kommunedelplanen.

Vi kan ikkje sjå at handel er omtalt i planprogrammet. I regional plan for attraktive senter erstattar dei regionale føresegnene «Forskrift om rikspolitisk bestemmelse for kjøpesentre» frå 2008. Vi viser forøvreg til

kapittel 4. i den regionale planen, der regionale mål og forventninger for lokalisering og dimensjonering av nye handelstilbod vert omtala.

Barn og unges interesser

Kommunen ønskjer å kartlegge behov saman med skule og barnehage. I tillegg har kommunestyret oppnemnt ei eiga gruppe som skal tale born og unges sak i plansaker og denne gruppa vil verte teke med på råd i planarbeidet, saman med ungdomsrådet. Det er vår oppfatning at born og unge sine interesser vil verte gitt mogelegheit til å bidra inn i prosessen, og Fylkeskommunen understreker at det er viktig at interesser knytt til born og unge vert teke omsyn til i den vidare planprosessen.

Friluftsliv

I kartlegging av regionale friluftsområde er sjøområda i Bøvågen kategorisert som «strandsone med sjø og vassdrag» og gitt verdikategori *svært viktig*. Det er særdeles viktig at dette vert ihensyntatt i det vidare planarbeidet. For meir informasjon sjå: regionale friluftsområde: <http://kart.ivest.no>

Landskap

All utbygging har verknad på landskapet og det er difor viktig at nye byggjeområde tilpassar seg dei fysiske omgjevnadane. Den nettbaserte kartløysinga kart.ivest.no har kartlag for landskapstypar med kategorisering av landskapsverdiar. Bøvågen har i hovudsak landskapstypar med kategori *stor verdi* eller *midels verdi* i den regionale landskapskartlegginga. Vi oppmodar kommunen i å nytte dei nettbaserte kartløysingane refert, og at dei verdisette kvalitetane for bode regionale landskap og friluftsområde vert teke omsyn til i det vidare planarbeidet.

Klima, energi og klimatilpassing

Miljøvenleg transport

Transport er ein stor kjelde til utslepp av klimagassar. Kommunen kan legge til rette for redusert transportbehov i kvarldagen. God arealplanlegging gjer at folk kan gå eller sykle til lokalbutikk, skule, barnehage og andre lokale tenestetilbod. Vidare utbygging i Bøvågen må sikre at gange og sykkel er den mest attraktive transportforma i lokalsamfunnet. Det har også eit viktig folkehelseaspekt at folk vert stimulert til å bevege seg utan å måtte køyre bil.

Kommunen må vurdere kva som trengst for at sykling mellom Bøvågen og kommunesenteret Manger kan bli eit attraktivt alternativ til bil.

På lengre strekningar vil privatbil framleis vere eit viktig alternativ. Ladepunkt for elbilar er etablert fleire stader i Radøy kommune, men ikkje i Bøvågen. Utbygging av ladepunkt ved offentlege og private arbeidsplassar, idrettsanlegg og serviceanlegg bør prioriterast.

Tilpassing til endra klima

Klimaendringane er langsame og kan vere vanskelege å observera. Følgjeverknadene kan vere akutte hendingar som ekstremnedbør og generelt større nedbørsmengder. Auka overvatn vil stille andre krav til utbyggingsmønster, byggeskikk og utforming av uteareal. Lokale vegar og uteplassar må utformast slik at ein reduserer faren for flaum og oversymjing. Einsidig bruk av harde overflatar og asfalt aukar risikoen. Kommunen kan få krav om regress viss det ikkje er tatt tilstrekkeleg omsyn til potensielle skader frå overvatn. Føre-var-prinsippet må leggjast til grunn ved detaljutforming av uteareal og nye bygggeområde. Jf. NOU 2015:16 Overvann i byer og tettsteder.

Energi

Energiforsyning vert vanlegvis ikkje omtalt i kommuneplanar, då det i liten grad vert handsama etter plan- og bygningslova. Attgroing av det nordhordlandske kulturlandskapet skjer delvis på grunn av klimaendringane og skapar også problem for kraftlinjer. Austrheim og Radøy er aktuelle

samarbeidspartnarar i fylkeskommunen sitt klimatiltak 3.2. Sårbarheitsanalyse for kraftforsyninga, med vedlikehald av branngater som eitt aktuelt tema, og utnytting av skog og biomassar eit anna tema. Vøl og drift av kulturlandskapet er sentralt i Biosfære Nordhordland, som Radøy er ein del av, og der verdiskaping og klima er viktige aspekt.

Frå 2020 vert det forbod mot bruk av fossil olje til oppvarming av bygg. Nye bustader må planleggjast med lågast mogleg oppvarmingsbehov, jf. nye krav i TEK15. Store frittliggjande bustader er mest energikrevjande. Ein meir tett-låg bustadform kan høve i ei bygd som Bøvågen.

Samferdsel

I planprogrammet er trafikk og transport trekt fram som utgreingstema. Dette er viktig for å få oversikt over reisemønstre og viktige ferdselsårer i planområdet. Samferdselsavdelinga viser her «Kollektivstrategi for Hordaland», som er retningsgivande for Skyss sine prioriteringar. Eit godt kollektivtilbod er avhengig av eit konsentrert bustadmønster der haldeplassane kan leggast langs ein trasé utan å måtte ta omvegar og avstikkarar. Dette krevjar at bustadfelt vert regulert nær kollektivknutepunkt, og at det vert lagt inn rekkjefølgjekrav til trygge gang- og sykkelveger mellom bustader og haldeplasser. Det er også viktig å sikre trygge ferdselsårer for mjuke trafikantar til andre målpunkt, som til dømes skule, idrettsanlegg og butikk.

Det er gjennomført barnetråkkregisteringar for kartlegging av born og unge sine ferdselsvanar og leikeområdar. Dette er ein god måte å få kjennskap til korleis barn og unge ferdast, og vere eit godt grunnlag for den vidare planlegginga.

Strandsone

Den funksjonelle strandsona kan vere meir eller mindre enn 100-meter frå sjø. Funksjonell strandsone skal definerast ved at ein tek omsyn til samspelet mellom sjø og land; både økologisk, estetisk, landskapsmesseg og bruksmesseg. Det er viktig at kommunen definerer lokale byggjegrense mot sjø. Nye tiltak i sjø, trong for småbåthamner og naustområde vil også verte vurdert i samband med arbeidet med revidert kommunedelplan for Bø. Det er positivt at kommunen vil utgreie funksjonell strandsone som vil verte lagt til grunn i det vidare planarbeidet.

Vilt og innlandsfisk

Med bakgrunn i planprogrammet kan ikkje fylkeskommune på noverande tidspunkt sjå noko problematisk for viltinteresser i planområdet. Kommunen bes likevel om å vere bevisst vilt og innlandsfiskinteresser i det vidare planarbeidet.

Kulturminne og kulturmiljø

Kulturminne og kulturmiljø er ein ikkje-fornybar ressurs som skal vernast i ein heilsakleg miljø- og ressursforvaltning. Både som vitskapleg kjeldemateriale og synlege element i omgjevnadane, skal desse ressursane gje varig grunnlag for nålevande og framtidige generasjonar sin kunnskap om kulturarv, sjølvforståing og identitet. Knytt til lokal samfunnsutvikling er kulturminne og kulturmiljø kjelde til trivsel, oppleveling og verdiskaping.

Omsynet til kulturminne skal sikrast i all lokal, regional og nasjonal utvikling og arealplanlegging. Hordaland fylkeskommune vil minne om at dokumentasjon av kulturminne og kulturmiljø skal gjerast på eit tidleg stadium i all arealplanlegging. Vi ber om at eventuelle kulturminneinteresser vert omtalte, verneverdiane vurderte og teke omsyn til i det vidare planarbeidet. Det er ein stor føremón at planproduktet, særleg plankartet, føresegner og retningsliner, er ryddige slik at det ikkje er konflikt med kulturminneinteressene. Ein bør bruke dei databasane og kjeldene som er tilgjengelege som gjeld kulturminneinteressene som grunnlag for arealdisponering.

Planar på offentleg høyring, som ikkje har tilfredsstillande dokumentasjon om kulturminne, kan verte returnert. Det er viktig at den gunstige koplinga mellom utvikling og bevaring som er nedfelt i kommuneplanen sine planføresegner i høve til naturvern, kulturminnevern og bevaring av kulturlandskap vert lagt til grunn for kommunedelplanen. Ved offentleg ettersyn må ikkje planen vere i konflikt med automatisk freda kulturminne eller andre nasjonalt og regionalt viktige kulturminne på land og i sjø/vatn.

Planprogram

I kapitel «Kommuneplanen sine fokusområde» i planprogrammet står det at det skal leggast vekt på seks tema i arbeidet med ny kommunedelplan. Det er positivt at eitt av dei nemnde fokusområda gjeld sikring av kulturminne. Radøy kommune ynskjer å sikre vern av kulturminne gjennom plankart og planføresegner.

I kapitel «Utgreiingsbehov» er kulturminne ikkje nemnd som eit tema som skal utgreiast. I utgreiinga bør kulturminne utredast som eit eige tema. I utgreiinga må eventuelle kulturminne skildrast, og konfliktgraden mellom tiltaksområde og kulturminne, både automatisk freda kulturminne og kulturminne frå nyare tid, avklarast. Eventuelle avbøtande tiltak bør drøftast. Det må gjerast ei potensialvurdering for funn av ukjende automatisk freda kulturminne, særleg i område med nye arealføremål med tanke på utbygging, næring, osb.

Kjende kulturminne

Det er fleire kjende automatisk freda kulturminne i planområdet, både på land og i sjø. Dette gjeld mellom anna mellomalderkyrkjegarden ved Hordabø kyrkje, Askeladden ID 84630-2, steinalderbuplass ID 149416 og skipsfunn ID 102426. Området har høg potensial for funn av ukjende automatisk freda kulturminne både på land og i sjø.

I høve til nyare tid merkjer Radøy kommune seg ut ved at mykje av dei gamle tun-, veg-, nærings- og eigedomsstrukturane i stor grad framleis er leselege. Radøy har stor tettleik av SEFRAK-registrerte bygningar og strukturar, og innafor planområdet til kommunedelplanen for Bø er det opp mot 70 SEFRAK-registreringar. Vi ber om at det vert utarbeidd eit eige dokumentasjonsvedlegg om kulturminne som bør følgje saka vidare, der kulturminna vert omtalte, verneverdiane vurderte og teke omsyn til. Her er det viktig å få fram ikkje berre fornminne og bygningar/bygningsmiljø, men også eventuelle steingardar, gamle ferdslevegar og vegmerke, utmarksminne, tekniske kulturminne, kulturlandskap, m.m. Dokumentasjonen bør gjerast gjennom foto, tekst og kartfesting. Hordaland fylkeskommune er svært nøgd med at Radøy kommune arbeider med kulturminneplan, og vi gjer merksam på at denne kulturminneregistreringa kan inngå i det pågående arbeidet med kulturminneplanen.

Omsynssoner

Freda kulturminne må visast på plankartet med omsynssoner d, jf. pbl § 11-8, d. Kulturminne som ikkje er freda kan også ha verneverdi, desse må visast på plankartet som omsynssoner c innanfor delplanområda, jf. pbl § 11-8, c. Det bør utgreiast korleis kommunen skal sikre verneverdige kulturminne innanfor delplanområda. Omsynssoner skal i utgangspunktet kombinerast med arealføremål som ikkje opnar for nye tiltak, til dømes LNF. Det må vidare knytast føresegner til omsynssone d og retningsliner til omsynssone c som sikrar at verneføremåla vert ivaretakne.

Føresegner som sikrar omsynet til automatisk freda kulturminne, som må inn i planen, er følgjande:

Omsynssone d (SOSI-kode H730)

«I omsynssone d er det automatisk freda kulturminne. Arealet er bandlagt etter kulturminnelova § 4, jf. § 6. Tiltak eller inngrep som kan øydeleggje, skade, tildekke eller på annan måte utilbørleg skjemme kulturminnet mellombels eller permanent er ikkje tillate, jf. kulturminnelova § 3. Tiltak som kan ha innverknad på automatisk freda kulturminne skal leggjast fram for Hordaland fylkeskommune, jf. kulturminnelova §§ 3 og 8.»

Retningslinjer som sikrar at verneføremåla til kulturminne og kulturmiljø vert ivareteke, som bør inn i planen, er følgjande:

Omsynssone c (SOSI-kode H570)

«Ved utarbeiding av reguleringsplanar og gjennomføring av tiltak på enkeltobjekt eller område innanfor omsynssone kulturmiljø skal kulturhistoriske og antikvariske verdiar takast vare på og sikrast varig vern gjennom reguleringsvedtak. Saker som gjeld tiltak i omsynssona skal sendast Hordaland fylkeskommune for vurdering av kulturminneinteresser.»

Generelle føresegner

Dei generelle føresegnene er viktige for å få sikra omsynet til kulturminneinteressene jf. pbl § 11-9, nr. 7. Hordaland fylkeskommune ber difor om at ein i dei generelle føresegnene får inn at:

1. «Kulturminne og kulturmiljø skal vera ein integrert del av planlegging og søknad om tiltak. I all arealplanlegging skal kulturminnemiljø dokumenterast og det skal visast til korleis ein har søkt å ivareta dette gjennom planforslag og plantiltak.»
2. «Verneverdige einskildbygningar og kulturmiljø og andre kulturminne skal i størst mogleg grad takast vare på som bruksressurs og verta sett i stand.»

Hordaland fylkeskommune har ikkje gjennomført arkeologiske registreringar i heile kommunedelplanen sitt areal. Fylkeskommunen kan dermed ikkje seie seg samd i ny arealbruk i kommuneplanen sin arealdel før § 9 i kulturminnelova er oppfylt for det einskilde byggeareal, og tilhøvet til automatisk freda kulturminne er avklart. Undersøkingsplikt etter § 9 i kulturminnelova skal oppfyllast i samband med utarbeiding av reguleringsplan eller ved søknad om tiltak, dette gjeld både land- og sjøareal. Hordaland fylkeskommune ber difor om at ein i dei generelle føresegnene får inn at:

3. «Hordaland fylkeskommune har ikke gjennomført arkeologiske registreringar i heile kommuneplanen sitt areal. Fylkeskommunen må ta etterhald om nye byggeområde i kommuneplanen sin arealdel, inntil § 9 i kulturminnelova er oppfylt for dei einskilde byggeareal, og tilhøvet til automatisk freda kulturminne er avklart.»

For å sikre handhevinga av undersøkingsplikta, jf. § 9 i kulturminnelova, bør føresegner knytt til LNF-område med høve for spreidd utbygging og spreidd næring vere:

4. Alle tiltak i ubebygd areal innanfor LNF-område med høve for spreidd utbygging og spreidd næring skal sendast Hordaland fylkeskommune for vurdering av kulturminneinteresser, jf. kulturminnelova §§ 3, 8 og 9.»

Riksantikvarens merknader og vurderingar

I brev datert 23.05.2016 skriv Riksantikvaren at:

«Riksantikvaren vil med dette gi innspill vedrørende de forvaltningsområdene hvor direktoratet har ansvar som fagmyndighet. I dette tilfellet gjelder dette Hordabø middelalderske kirkested og middelalderkirkegård, som er automatisk fredet i medhold av lov om kulturminner av 9. juni 1978 nr. 50 (kml.) § 4 pkt. a og j. Riksantikvaren uttaler seg her kun som kulturminnemyndighet for automatisk fredete kirkesteder fra middelalderen etter kml. §§ 8 og 9. Fylkeskommunen er delegert ansvaret som kulturminnemyndighet i plansaker etter plan - og bygningsloven.

Om tiltaket:

Radøy kommune har tidligere utarbeidet Områdeplan for Bøvågen. I forbindelse med denne kom det motsigelse fra Hordaland fylkeskommune og Bergen Sjøfartsmuseum med krav om kulturminneregistreringer. På grunn av kostnadene med kulturminneregistreringene vedtok formannskapet i Radøy kommune å gjøre om Områdeplan for Bøvågen til Kommunedelplan for Bø.

Hensikten med planarbeidet er å legge til rette for videre utvikling av Bø som tettsted. Dette innebærer å legge til rette for nye utbyggingsområder særlig med tanke på helårsboliger, en revitalisering av sentrumsområdet i Bøvågen, samt implementering av arealbruksendringer. Det skal fortelles i allerede bebygde områder, fokuseres på samordning av infrastruktur tiltak og grøntområder. I tillegg skal det jobbes med å samordne og oppdatere eldre planer for Bøvågen som gir tolkningsutfordringer.

I planområdet, vest for vannet Bøtjørna ligger Hordabø middelalderske kirkested. Kirkestedet med middelalderkirkegård er automatisk fredet fra middelalderen.

Hordabø middelalderske kirkested og middelalderkirkegård, Askeladden id.nr 84630:

Nåværende kirke står på Bø og er fra 1875. Den første kirken fra middelalder var trolig en stavbygning. Deretter har den blitt ombygd og utvidet og trolig erstattet av et nytt bygg på 1600 eller 1700-tallet. Det er sannsynlig at nåværende kirke står på den opprinnelige plassen ettersom den er lokalisert til kirkegårdens sørøstre hjørne. Gravplassen er i nyere tid utvidet mot nord og vest, og den er omgitt av en steingard (NK III:164). En eldre avgrensing vises rett nord for kirken, der steingarden løper noen meter mot nordvest og så bøyer i rett vinkel videre mot nordøst. Kirkegården er fremdeles i bruk, den middelalderske avgrensinga finnes i Askeladden under id.nr. 84630.

Riksantikvarens innspill:

Automatisk fredete kulturminner er svært sårbare - ikke bare for direkte inngrep, men også for endringer i omgivelsene. De middelalderske kirkestedene er kulturminner av nasjonal verdi. Det er viktig at planlagte tiltak i nærheten av kirkestedene tar tilstrekkelig hensyn til dette, slik at kirkestedenes opplevelsesverdi og pedagogiske verdi kan bevares for framtiden.

Det har vært kirkested på Hordabø siden middelalder. Sentrale problemstillinger er derfor om tiltak inntil kirkestedet og i nærområdene vil medføre fare for at kulturminnet blir skadet eller om tiltaket kan virke utilbørlig skjemmende, jf. kml. § 3.

Ved utformingen av planområdet for Bøvågen må Hordabø kirkested med middelalderkirkegård være premissgivende. Utbygging må ikke frata kirkestedet dets posisjon og egenart. Byggehøyder, tetthet i utbyggingen og utbyggingens avstand til kirken må planlegges med tanke på bevaring av kirkestedets verdi som kulturminne.

Det oversendte materialet gir ikke grunnlag for å vurdere konfliktpotensialet. Dette vil først kunne bli vurdert når bestemmelser og arealformål er utarbeidet, og mer detaljerte planer for utbyggingen er lagt fram.

Riksantikvaren vil gi innspill til fylkeskommunen når planen blir lagt ut på høring.»

Marine kulturminne

Då planen har areal i sjø har saka vore lagt fram for Bergens Sjøfartsmuseum. I e-post datert 19.05.2016 står det at:

«Bergens Sjøfartsmuseum sitt ansvarsområde, etter kulturminnelova, gjeld marine kulturminne og omfattar difor sjø- og strandområda, samt vann og vassdrag. Bergens Sjøfartsmuseum er etter føresegna til kulturminnelova marinarkeologisk uttalemuseum i forbindelse med alle tiltak som råkar sjøbotnen.

Museet er vidare rette myndigkeit til å krevje undersøkingar ved tiltak, planer og utreiingar som vil kunne råka kulturminne under vann, og skal difor underrettast ved oppstart av alle regulerings- og byggeplanar, samt andre tiltak som omfattar sjøareal. Bergens Sjøfartsmuseum minner om at undersøkingsplikta jf. § 9 i kulturminnelova også gjeld for sjøbotnen og i vassdrag. Døme på tiltak i sjø er mudring/graving, utfylling/dumping, legging av vassleidningar, bygging av kaier, brygger, flytebrygger med meir. Særskild for kulturminne i vatn og sjø er § 14 i kulturminnelova som inneber at skip- og skipslast eldre enn 100 år er statleg eigedom.

Radøy og Bøvågen er eit prioritert område for marinarkeologi for Bergens Sjøfartsmuseum med fleire gamle hamne og ankringsstader, kremmarsted tilknytt fiskeri samt kjente forlis og munnlege forliskildringar.

Bergens Sjøfartsmuseum les med interesse i planprogrammet at Radøy kommune vidareføra hovudpunkt i frå kommuneplan 2011-2023 side 9 kor det står at en skal ta vare på og sikre verdifulle kulturlandskapsområde og vereverdige bygningsmiljø/kulturminne.

Ei registrering av marine kulturminne innafor arealet av kommunedelplanen kan gjennomførast, men kommunen ynskjer ikkje ei slik registrering og har difor endra tidligare områdeplan til kommunedelplan. Ved detaljregulering og tiltak i områda omfatta av kommunedelplan vil museet truleg komme til å krevje undersøkingar dersom det har potensial for å røyre ved marine kulturminne som ikkje er registrerte. Varslinga skal skje gjennom Hordaland fylkeskommune, kultur- og idrettsavdelinga, eventuelt med kopi av sakene direkte til oss for uttale. Alle saker må leggjast fram for fylkeskommunen, som er mottak for alle plan- og tiltakssaker. Våre vurderingar av kva for planer som krev særskilte undersøkingar vil bl.a. ta utgangspunkt i føreliggjande kunnskap om førekomstar av kulturminne, eventuelt en vurdering av regulerings-/ tiltaksområdets potensial for marine kulturminne.

Bergens Sjøfartsmuseum oppmodar Radøy kommune om føljande:

1. å sørge for at planlagde områdedisponeringar som omfattar sjøareal har en klausul i kommunedelplanens forskrifter om at de skal utredast med regulerings- eller byggeplan, og dermed lagt fram for museet for uttale via fylkeskommunen.
2. å sørge for at kommunedelplanens føresegrn har eit påbod om at alle planlagde enkelttiltak som skal utførast i sjø skal leggjast fram for Bergens Sjøfartsmuseum for uttale via fylkeskommunen.»

Andre planfaglege tema:

I tillegg til dei nemnde tema, ber fylkeskommunen om at følgjande tema vert vektlagd i det vidare planarbeidet:

- Næringsutvikling
- Ros
- Folkehelse
- Naturmangfold
- Universell utforming

Meir informasjon

Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på nettsidene våre www.hordaland.no/plan/startpakke.

Oppsummering

Hensikta med planarbeidet er å legge til rette for vidare utvikling av Bø som tettsted. Dette inneber å legge til rette for nye utbyggingsområde og ei revitalisering av sentrumsområdet i Bøvågen. Samordna bustad-, areal- og transportplanlegging og fokus på sentrums- og tettstadsutvikling vil verte sentralt i det vidare planarbeidet.

Å planlegge heilskapleg for både bustad, næring, handel og andre tenestetilbod vil styrke tettstaden. Med hensiktsmessig lokalisering og tilrettelagt infrastruktur kan fleire reiser i tettstaden takast til fots eller på sykkel. Dette er positivt både i eit folkehelseperspektiv, trafikktryggleiksperspektiv og attraktiv tettstadperspektiv. Vi oppmodar kommunen til å sjå på den forventa demografiske utviklinga i kommunen som heilheit, både i den vidare planprosess for KDP for Bø og for andre planprosessar i kommunen som gjensidig vil kunne påverke kvarandre.

Fylkeskommunen ber om at det vert fastsett sentrumsutstrekning i Bøvågen som ein del av det vidare planarbeidet med kommunedelplanen, jf. regional plan for attraktive senter i Hordaland.

Under «utgreiingsbehov» kjem det ikkje klart frem at kommunen vil gjennomføre konsekvensutgreiing. Fylkeskommunen minner om at som arealretta kommunedelplan er det krav om KU, og KU skal tilpassast plannivået og vere relevant for dei avgjersler som skal takast (jf. KU forskrifta for planar § 7).

Det er fleire kjende automatisk freda kulturminne i planområdet, både på land og i sjø. Området har høg potensial for funn av ukjende automatisk freda kulturminne både på land og i sjø. Vi ber om at det vert utarbeidd eit eige dokumentasjonsvedlegg om kulturminne som bør følgje saka vidare, der kulturminna vert omtalte, verneverdiane vurderte og teke omsyn til.

Hordaland fylkeskommune er svært nøgd med at Radøy kommune arbeider med kulturminneplan, og vi gjer merksam på at denne kulturminneregistreringa kan inngå i det pågåande arbeidet med kulturminneplanen.

Hordaland fylkeskommune har ikkje gjennomført arkeologiske registreringar i heile kommunedelplanen sitt areal. Fylkeskommunen kan dermed ikkje seie seg samd i ny arealbruk i kommuneplanen sin arealdel før § 9 i kulturminnelova er oppfylt for det einskilde byggeareal, og tilhøvet til automatisk freda kulturminne er avklart.

Ved utforminga av planområdet for Bøvågen må det takast særleg omsyn til Hordabø kyrkjestad med middelalderkyrkjegard. Byggehøgder, tetthet i utbygginga og utbyggingas avstand til kyrkje må planleggas med tanke på bevaring av kyrkjestaden sin verdi som kulturminne. Radøy og Bøvågen er eit prioritert område for marinarkeologi for Bergens Sjøfartsmuseum med fleire gamle hamne og ankringsstader, kremmarsted tilknytt fiskeri samt kjente forlis og munnlege forliskildringar.

Eva Katrine R. Taule
kst. plansjef

Snorre Waage
saksbehandlar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Saksbehandlar:

Snorre Waage, Seksjon for plan - REG AVD, REGIONALAVDELINGA

Gunnhild Raddum, Transportplanseksjonen, samferdsleavdelinga

Monika Serafinska, Fylkesantikvaren, Avdeling for kultur og idrett

Gudrun Mathisen, Seksjon for klima og miljø, Regionalavdelinga

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland